

Grøtte fiskesameige
v/ Ivar Petter Grøtte
Mosvegen 133
6887 Lærdal

Lærdal, 10. sept. 2026

NVE
Postboks 5091
Majorstua
0301 Oslo
nve@nve.no

Supplerande høyringsfråsegn til vilkårsrevisjon konsesjon for Lærdalsvassdraget

Vi viser til synfaringa ved vilkårsrevisjon for konsesjon for Lærdalsvassdraget 26. august d.å. Der opna NVE for å sende supplerande høyringsfråsegn med utvida frist til 10. september.

I samband med denne synfaringa og gjennomgang av høyringsfråsegner vart vi merksame på eit innspel som potensielt vil kunne ha store negative konsekvensar i vår elvestrekning og tilgrensande jordbruksareal.

Høyringsinnspelet frå grunneigar Olav Grøttebø oppmodar til senking av sikringa av brotet mellom hølane "Charlibo" og "Nyboll" i vår elvesameige. Me vil sterkt fråråde ei slik endring av sikringa utfrå ei rekkje grunnar:

1. Sikringa er iverksett (og pålagd) for å unngå uttapping av "Charlibo" som er ein stor og lang høl som dekkar heile breidda i elva. Ei senking vil føre til ukontrollert erosjon oppstraums sikringa, noko som vil øydelegge hølane i både Grøtte og Bø fiskesameiger. Dette vil då gjere stor skade på reproduksjons- og oppvekstområda i elva.
2. Sikringa av brotet mellom dei to hølane sikrar vidare elva sin naturlege rensing av "Nyboll" som også er ein stor og lang høl som dekkar heile breidden av elva med normal vatnnivå. Dermed blir det også her skadar på viktige reproduksjons- og oppvekstområde. Store mengder lausmassar vil bli flytta nedover i vassdraget, noko som vil gjere stor skade også nedstraums.
3. Senking av sikringa vil føre til eit nytt elveløp mot sør, og legge ein del av løpet inn mot elvebrygga på sørsida der det no kun er vatn under stor flaum. Dette vil gi auka problem med høgare vatnnivå og avlingsskadar på landbruksområdet på sørsida av elva. Her blir det dyrka grønsaker, poteter og korn på eit område på omlag 150 dekar mellom elva og "Grøtte"-kilen.

4. Senking av sikringa vil også skade og endre vatninntaket til den nettopp nyrestaurerte "Grøtte-kilen". Kilen vart vist fram under synfaringa 26. august, og presentert som eitt av dei viktige og allereie vellukka reproduksjonstiltaka i Lærdalsvassdraget.

Utfrå desse grunnane vil vi sterkt fråråda å gjere endringar i denne sikringa utfrå store negative konsekvensar for viktige reproduksjons- og oppvekstområde, nye kilar, fisket og landbruk.

Vennleg helsing

Ivar Petter Grøtte (sign)
for Grøtte fiskesameige